

## Innspel frå Jærskulen 26.05.2025

Jærskulen er eit forpliktande samarbeid i eit større læringsfellesskap på tvers av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, som skal styrke kommunane og skulane i si utvikling.

Læringsfellesskapet skal bidra til å skapa gode og trygge læringsmiljø som fremmar den enkelte elev si læring. I arbeidet med å fremma læringa for elevane, er skuleleiarane sentrale. Jærskulen skal vere med å styrka skuleleiarane i sine roller slik at det blir lagt til rette for profesjonsfaglege fellesskap og gode skulebaserte prosessar på alle skular.

### 1. Kva legg de i omgrepet fellesskulen?

**Ein skule for alle**, uavhengig av sosial bakgrunn, evner eller bustad. Elevane er ulike, kjem frå ulike kulturar/religionar, frå ulike heim og med ulike evnar og forutsetningar. Dei må møte ein skule i framtida som gjer alle elevar moglegheiter til å kunne bli den beste versjonen av seg sjølv og [...] gjere vakseneksistens mogleg (*G. Biesta*).

Fellesskulen er viktigare no enn den har vore på lenge, i eit samfunn som er meir fragmentert og ulikt trengs den samlande krafta som fellesskulen kan vere.

### 2. Kva er det viktigast å bevare ved dagens skule?

#### Sosial utjamning

Det blir stadig større sosiale forskjellar mellom oss (Dahl, 2014, Marmot 2020). Forskjellen mellom dei rikaste og dei fattigaste har auka noko dei siste tiåra, og særleg barnefattigdom er eit vedvarande problem. Det er ulikskap og i Noreg og det gjer utfordringar både i barnehagar, skular og i hjelpeapparatet. Det er ei viktig oppgåve for skulen å utjamne de ulikskapane og gje alle elever moglegheit til å skape seg den framtida dei ønsker seg.

Utdanningssystemet er altså ein viktig arena for sosial utjamning. Målet er at alle barn skal ha like moglegheiter til å lære og utvikle seg, uavhengig av foreldra sin sosiale bakgrunn.

#### Gratisprinsippet

Det er ein tryggleik for elever og føresette i marginale livssituasjonar, at skulen og skulen sine aktivitetar er gratis. Det er òg eit viktig tiltak i forhold til sosial utjamning og det å kunne gje alle elevar like moglegheiter.

#### Inkludering - og toleranse for mangfold

Dette er ein av pilarane i fellesskulen, som er viktig å bevare for framtida! Elevmassen i norske skular blir stadig meir samansett når det gjeld bakgrunn, som kulturell, språkleg, religiøs, sosial, og når det gjeld evner, interesser og personlegdom. Dette mangfaldet er ein stor ressurs, men det kan også by på utfordringar.

### 3. Kva for nokon utviklingstrekk i samfunnet meiner de utfordrar fellesskulen?

#### Individualismen

Eit sterkt fokus på individualisme kan svekkje fellesskapen i klasserommet og skulen. Elevane får færre moglegheiter til å øve på samarbeid, dialog, konfliktløysing og empati i praksis. Dette strir mot skulen sitt mandat om demokratisk danning og sosial utjamning. Individualismen kan forsterke sosiale forskjellar. Born frå ressurssterke heimar kan dra meir nytte av sjølvstendig læring og har ofte eit støtteapparat heime, medan born frå heimar med færre ressursar kan kome därlegare ut om ikkje skulen kompenserer tilstrekkeleg med

kollektiv støtte. Lærarar kan oppleve eit stort press for å møte individuelle behov hos kvar elev, noko som kan vere krevjande og føre til utbrentheit.

Skulen står overfor ei viktig utfordring i å finne den rette balansen mellom å anerkjenne og støtte det individuelle barnet, og samstundes bygge sterke og inkluderande fellesskap.

Læreplanverket (LK20) understrekar viktigeita av både fagleg og sosial læring, og det å utvikle sjølvstendige individ som òg kan bidra positivt i fellesskapet.

### **Generasjon Z**

Ungdommar, generasjon Z blir skildra som «digitalt innfødde» og har mykje kunnskap om- og lever med konsekvensar av det digitale livet. Dei blir påverka og oppdregne til at alt er mogleg og at det er eit individuelt ansvar om en får til å lykkast i livet. Det skaper eit stort press på den einskilde ungdommen og gjer utfordringar på individuelt nivå, men også på system og samfunnsnivå.

**Deltaking i - og tillit til demokratiet er trua** (*Ansell & Torfing, 2021, Heimburg & Hofstad, 2019, Loga 2018*). Mistillit til autoritetar og manglende tillit overfor personar eller institusjonar som har en formell eller uformell maktposisjon, som politikare, myndigheter, ekspertar, media eller leiare. Mistillit til autoritetar kan ha betydelege konsekvensar både for enkeltindividua og samfunnet som heilheit og kan føre til manglante deltaking i demokratiet og fellesskapet, polarisering og redusert tillit til kunnskap og vitskap.

### **Forventningar/forventningsgap.**

Det er- og skal vere, klare forventningar til både skule og stat, men velferdsstatens berekraft er under press (*Loeffer & Bovaird, 2021*). Det kan føre til at det må kuttes i budsjett til skulen, som igjen fører til meir press på tilsette og mindre hjelp/støtte til elever med særskilte behov. Det vil altså kunne bli eit større gap mellom forventningar folk har og korleis staten kan møte forventningane. Om det er færre ressursar å fordele, vil skulen møte elever med behov som ikkje kommunen kan dekke.

### **Rapporteringsbehovet/kravet.**

Lærarar og leiatar meldar frå om at dei bruker mykje tid for å møte rapporterings- og dokumentasjonskrav. Til tross for formålet om å sikre sikkerheit og kvalitet, opplever mange lærarar og skuleleiatar dokumentasjonskrava som ei bør. Det er ofte ein balanse mellom nødvendig dokumentasjon og et ønske om å frigjera lærarens tid til kjerneoppgåvene, altså undervisning og direkte elevkontakt. Et for stort fokus på kvantitet framfor kvalitet i dokumentasjonen kan føre til at lærarar bruker mye tid på administrativt arbeid. De tilsette kan oppleve dokumentasjon er et mål i seg sjølv, og ikkje et verktøy for å betre elevane sitt læringsmiljø og læring. Skulen kan bli meir fokusert på prosesser og rutinar framfor individuelt tilpassa hjelp.

#### **4. Kva skal skulens viktigaste oppgåver være i framtida?**

Fellesskapsdanning og inkludering, som motsats til individualisme.

Familiestrukturen er endra (Lorås & Næss, 2019, FHI, 2018) og «flokken» er i oppløysning

Samfunnet er kanskje ikkje godt nok forberedt til å handtere den kompleksiteten som pregar samfunnet (Loeffer & Bovaird, 2021)

I fråvær at den tradisjonelle «flokken» og tap av fellesskap er det særstakt viktig å gje elevane sosial og emosjonell læring med fokus på sosial kompetanse.

Når skulen legg til rette for inkludering og anerkjenner mangfold, kan det bidra til eit sterke fellesskap der alle føler seg verdsett og hører til, men det kan vere krevjande.

Kjeldekritikk/kritisk tenking. Gje elevane moglegheit til å tilegne seg kompetanse til å finne, evaluere og bruke informasjon frå ulike kjelder på ein kritisk (kritisk tenking) og etisk måte (Overordna del av læreplanen 2020). I tillegg treng framtidas elever kompetanse i lære sjølvstendig, vere nysgjerrig og tilpasse seg ny kunnskap .

Folkehelseproblem og utanforskap tapper samfunnet for store ressursar (FHI, 2019, WHO, 2019). Psykisk og fysisk helse er under press og det er viktig, både samfunnsøkonomisk og på individnivå å ha fokus på folkehelse. Framtidas skule må nytte seg av dei moglegheiter som allereie er i skulen, som til dømes det tverrfaglege temaet livsmestring, mat og helse og kroppsøvingsfaget. Samt støtte til- og «opplæring» av foreldre.

#### Samarbeid og problemløysing

Dette er to av dei viktigaste ferdighetene elevane kan utvikle i skolen. Dei er ikkje berre avgjerande for (akademisk) suksess, men også for å trivest i eit stadig meir komplekst samfunn.

#### Inkludering - og toleranse for mangfold.

Elevmassen i norske skular blir stadig meir samansett når det gjeld bakgrunn, som kulturell, språkleg, religiøs, sosial, og når det gjeld evner, interesser og personlegdom. Dette mangfaldet er ein stor ressurs, men det kan også by på utfordringar.

Skulen er ein viktig arena for å førebu elevane på å leve og arbeide i eit stadig meir globalisert og mangfaldig samfunn. Ved å lære å handtere og verdsetje mangfold i skulen, blir dei betre rusta til å møte mangfaldet i samfunnet elles.

Mangfold *kan* gje rikare læringsmiljø og *kan* auke utvikling av toleranse og empati for andre. Elevane lærer å sjå saker frå ulike synsvinklar og forstå ulike måtar å leve på. Dersom mangfaldet ikkje blir handtert på ein inkluderande måte, kan det føre til at enkelte elevar kjenner seg utanfor eller diskriminerte.

#### Demokratisk danning og berekraft

I ein skulekontekst inneberer demokratisk danning meir enn berre å lære om demokratiets institusjonar og prosesser. Det handlar også om å lære for demokrati, det vil seie å utvikle dei sosiale og politiske ferdighetene som trengs for demokratisk deltaking, som til dømes evna til å lytte, argumentere, samarbeide og respektere ulike synspunkt. Like viktig er det å lære

gjennom demokrati, ved at skolen sjølv er ei arena der demokratiske prinsipp og praksisar praktiserast og der elevane får reell moglegheit til medverking og innflytelse.

### **Andre innspeil**

Måten fellesskulen blir driven på er gjenstand for offentleg debatt, akkurat no er det mykje diskusjon om inkludering, utfordrande skulemiljø med utagerande åtferd og om det er grenser for inkludering?

Dette viser kor viktig det er med både diskusjonen om fellesskulen og innhaldet i skulen no, men og diskusjonen om korleis den skal vere i framtida. I fellesskulen skal det vere plass til alle.

Utvalet bør og sjå på strukturen i skulen. For mange elever er det for mange teoritunge fag, fleire av elevane opplever mangel på meistring og det igjen kan føre til mangel på motivasjon. Er det naturlig å opne for meir nivådeling? Bør det vere fleire praktisk- estetiske fag? I fellesskulen, som skal famne alle barn og unge, bør det vere sjølvsagt at det er fleire måtar å få undervisning og vurdering på.

**Kommentar til samansetning av utvalet:** Det burde ha vore ein eller fleire «lærarstemmer» som arbeider i skulen no, med i utvalet.

På vegne av Jærskulen

*Brit Elin Lomeland*